

## **Forslag til arbeidsplan for Tromsø SV 2017**

Dette dokumentet skal gje ei retning for arbeidet i Tromsø SV i året som kjem. Planen vil ikkje kunne følgjast slavisk, men vere retningsgjevande.

2017 er eit stortingsvalår. Det aller viktigaste i dette året vil vere å bidra til at SV beheld stortingsmandatet i Troms. Samstundes skal vi halde fram med å gje medlemmane gode kanalar for innverknad på politikken i Tromsø kommune. Tromsø SV er vekst i medlemstalet, det er sannsynleg at det vil halde fram i eit valkampår. Det betyr at vi må bli flinkare til å gje nye (og gamle) medlemmar eit tilbod om arenaer for å delta i partiet og opplæring i partiets politikk. Forøvrig er det viktig at Tromsø SV legg til rette for at medlemmane skal ha innflytelse på prosessar sentralt i partiet.

### **Mål for året:**

1. Tromsø SV skal jobbe aktivt for eit god resultat i stortingsvalet.
2. Styret skal legge til rette for at medlemmane får innverknad på politikken i Tromsø kommune. Arbeide for å ta vare på sigrane vi fekk i samarbeidserklæringa mellom SV, Raudt og Ap om styringa av Tromsø kommune.
3. Tromsø SV skal vere ein arena for utvikling av politikk.

### **Handlingar**

- Arrangere møter om sentrale tema, og legge til rette for gode vedtak
- Arrangere ulike lågterskeltiltak/sosiale tiltak for at det skal bli lettare å bli med i partiarbeidet.
- Vidareutvikle kommunikasjonen med medlemmar og andre ved bruk av e-post, sosiale media og andre kanalar
- Utvikle eit betre opplærings og skoleringstilbod i Tromsø SV.
- Ha ein aktiv valkamp